02.03.2010

# Dølemo Nærmat AS

**Dagligvarebutikken for DEG!**

Kontaktperson:
Daglig leder: Daniela Plozicki
Styrets formann: Olav E. Føreland

# Månadsbrev

Februar

## Opning av pub

26.02.2010 vil vere ein merkedag for mange. Då vart nemlig puben opna med brask og bram. Det vart ein folkefest for dei som møtte opp. Omlag 70-80 menneske var innom denne første kvelden. Dei kosa seg med ein god preik i godt lag, og var svært nøgde med dette tilbodet. Alt var roleg og greitt heile kvelden og vi hadde ei fantastisk omsetnad på sal. Dølemo var og i media til dei grader at det meir kunne minne om eit kongebesøk enn ei pubopning.

## Oppussing av kafeen

Dykk har sikkert sett det—Kafeen er nå ferdig oppussa. Beisa veggar, ny disk, nye gardiner og pynt på veggane er fasiten så langt. Vi har og sett inn fleire kjøkkenskåp og fått tak i ein komfyr. Kanskje kjem det snart ei oppvaskmaskin og. Vi ynskjer å takke Monica Olsen for det flotte maleriet ho skjenkte oss, og Jens M. Føreland for den fine disken han snikra. Elles har Anette Gjermones, Kjell Tore Skarmyr og Bjørn Gunnar Baas gjort ein dugeleg innsats for å få dette til. Ein takk til andre som og har tatt i eit tak!

## Månadens DølemoJoker

Vinnaren for januar vart **Bjørg Therese Baas** som kan kose seg med eit gåvekort på kr. 500,-




| | 5 | 6 | 7 | 8 |
|---|---|---|---|---|
| 2010 | 65 369 | 80 487 | 68 379 | 88 378 |
| 2009 | 57 220 | 66 469 | 56 815 | 74 822 |
| Brutto 2010 | 12 175 | 16 837 | 15 140 | 17 915 |
| Brutto 2009 | 12 190 | 13 686 | 12 891 | 16 302 |

Helsing styret i Dølemo Nærmat
v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955